

Dystre framtidsutsikter for ÅSV

Årdal lagt ned om 30 år?

-Årdal Verk vil kome over krisa i dag. Eg er ganske optimistisk og trur at perioden 1984 til 1995 vil bli ei god tid for aluminiumsindustrien.

Men etter denne tid ser det dystert ut når styresmaktene går inn for ein kraftprispolitikk som på lengre sikt vil slå beina under denne industrien.

Med ei slik utvikling er det berre eit tidsspørsmål før den kraftkrevjande industrien i Årdal er lagt ned, dersom det ikkje kjem krefter som motarbeider dette. Om ikkje lenge vil staten ha full råderett over vassfalla i Årdal. Dei vil selje denne krafta til marknadspris.

Årdal Verk maktar ikkje å betale slike summor. Held politikarane fram med slik politikk, vil heile Årdals-samfunnet vere lagt ned om 30 år.

Det er direktør Einar Askeland ved Årdal Verk som seier dette til Sogn Dagblad.

-Men for perioden 1984 til 1995 er eg ganske optimistisk, understrekar Askeland. -Dette vil vil bli ein god periode for aluminiumsindustrien og Årdal. Det er for den meir langsiktige utviklinga eg har mindre tru på denne industrien.

Årdal og andre kraftkrevjande industristader har til no vore "haustingsbruk" for staten. Samfunnet har hausta av dei lokale kraftressursane. Like etter år 2000 vil staten overta råderetten over falla i Årdal. Då blir det berre eit tidsspørsmål før verket ikkje er i stand til å betale for strømmen.

Ut med Årdal, inn med staten

-Vi ser det som lite lystelig at ein av dei få ressursane vi har i dette området, ikkje skal disponerast av regionen, men av staten. Og at dei som betalar mest for ressursen, får den. Dette er urovekkande ut frå regionale synspunkt. Heile grunnlaget for Årdals-samfunnet vil falle vekk. Det blir ikkje levelege vilkår her for denne industrien.

-Men dersom du spør kvar einiskild politikar, så betyr dei at denne industrien sjølv sagt skal ha levelege vilkår. I handling har dei, derimot, ofte synt det motsette. Det går fram av statsbudsjettet for neste år.

Avlastning for Årdal

-Ser du noka løysing på dette? Er det håp for ÅSV og Årdals-samfunnet?

-Eg meiner den rette vegen å gå, må vere å skaffe Årdal fleire bein å stå på. Vi må gjere samfunnet mindre avhengig av aluminiumsindustrien ved å utvikle nye bedrifter. Dette må vere eit viktig mål for Årdal, men det må mykje til for å få avlastning for Årdal Verk.

-Har kommunen eller verket konkrete planar om nye tablering?

-Kommunen har tidlegare arbeidet med dette, og folk ved Årdal Verk er med og arbeider med dette no for tida. Det er ikkje mogeleg å syne til konkrete planer i dag, men lokalsamfunnet arbeider seriest

med å finne alternative arbeidsplassar.

Oppbløming i Utladalen?

-Er det politisk vilje til dette?

-Dette er ikkje avhengig av politisk vilje, men av initiativ. Vi har store område i Utladalen som er reservert for industri, men eg trur ikkje geografien kjem til å begrense eventuelle planar.

Det vil ikkje bli noka stor oppbløming i Årdal. Vi håpar på at det kan kome i gang noko nytt eller vidareutvikling av eksisterande bedrifter, slik at vi får naturleg rekruttering. Det kjem ikkje på tale med store anlegg der ein tek avgjerd om å bygge for så og så mange arbeidsplassar.

Nødvendig innsprøyting

-Kva har innsprøytinga på 650 millionar kroner neste år å seie?

-Den er nødvendig dersom vi skal overleve. Men det må understrekast at ÅSV opp gjennom årene ikkje har fått særleg mykje pengar av staten. Denne utvidinga av aksjekapitalen er derfor ikkje urimeleg. I 1979/80 hadde ASV gode tider. Av den planlagde utvidinga den gongen fekk vi av den grunn berre halvparten av den aksjeutvidinga det var meininga vi skulle få. Eigenkapitalen vår på 540 millionar kroner ved byrjinga av 1982, vil vere brukt opp i første halvår neste år. Då har vi like mykje gjeld som aktiva. Ak-

sjefornynginga på 650 millionar kroner er nødvendig for at selskapet skal vere kredittverdigg.

Store tap

-Kor stort vil underskotet bli i år?

-Vi reknar med fleire hundre millionar kroner, men mange forhold spelar inn. Dette gjeld heile ÅSV-konsernet og ikkje berre smelteverka. Her i Årdal har vi no 20 prosent reduksjon i høve til full kapasitet. 1200 av over 1800 tilsette arbeider fire-dagarsveke. Over heile verda har det vore reduksjon i aluminiumsproduksjonen. Likevel har vi ikkje fått den reduksjonen i lagra som vi forventa på verdensbasis. I Årdal har vi hatt litt reduksjon, men har framleis 25 000 tonn aluminium på lager. Vi må stille spørsmål om ytterlegare nedskjeringar i produksjonen rundt om i verda. Prisen på aluminium vil ikkje stige før lagra er redusert.

Slutt på gamle dagar i Årdal

-Kva tid kan det bli slutt på permitteringane i Årdal?

-Vi har lagt opp til full produksjon i første halvår 1984, men dette er avhengig av utviklinga. Utsiktene for neste år er ikkje lyse i augneblinken. Vi vonar at det skal rette på seg neste haust.

Vi har ikkje konkrete haldepunkt for korleis dette skulle skje. Eg er optimistisk og trur dette er ein periode vi kjem over, men vi kjem aldri attende til gamle dagar, seier direktør Askeland.



- Dersom ikkje Årdal får fleire bein enn verket å stå på, kan heile samfunnet her i verste fall bli nedlagt om 30 år, seier verkssjef Einar Askeland.

DU SPARER PENGER VED KJØP AV PELS DIREKTE FRA FABRIKK



SNØHETTA. Eksklusiv, innsvinget damekåpe med hette eller krage.
Smart pelsbesetning på lommer og forkanten. Erm-lengden tilpasses leitt ved å regulere pelskanten.

m/hette kr. **3.150,-** u/hette kr. **3.100,-**

Pelsen du blir glad i - en ekte Sognapels



SOGNAPELS FABRIKKUTSALG

5810 Hafslø. Tlf.: 056 - 84 100 (181) UTSALG GOL: Tlf.: 067 - 74

Slutt med bompengar i Aurland

Aurland formannskap tilrår at ordninga med innkrevjing av bompengar på fjellvegen mellom Aurland og lårdal blir oppheva frå årsskiftet.

Vedtaket har samanheng med at dert kommunale ve-

gen no på det nærmaste er innbetalt. Dessutan meiner formannskapet at det er dyrt nok for aurlendingane å reise likevel. Same korleis ein reiser frå eller til kommunen så kostar det pengar. Å ta Flåmsbana kostar pengar, det er heller ikkje nett gratis å ta ferja frå Aurland til Kaupanger og skal ein over fjellet til Hol må ein også ut med bompengar.

Difor meiner altså formannskapet at ein bør sløyfe bompengane på fjellvegen til Lårdal.